


ARKIV

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 06.08.86
Sakshandsamar Thorsheim	Arkivnr. Gnr. 96 bnr. 17 Skodvin øvre	SAK NR. B-180/86
Byggherre/meldar Arne B. Vallestrand	Adr. Ø. Holen 13 B Laksevåg	
Saka gjeld Tilbygg hytte - bruksendring til bustad		
Vedlegg:  Søknad om byggjetillatelse dat. 01.03.86 Søknad om utsleppsløyve 01.03.86 Situasjonskart 1:5000 Situasjonskart 1:1000 Kvittering for motteke nabovarsel Teikning dat. 13.02.86, M=1:50 Søknad om ansvarsrett dat. 01.03.86  MERKNAD:  Søknaden gjeld utbyggjing av eksisterande hytte til bustad, og utsleppsløyve.  TILRÅDING:  Søknaden om byggjeløyve og bruksendring vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar og på følgjande vilkår:  1. I samsvar med kloakkforskriftene av 02.12.85, og med atterhald om at helserådsordføraren ikkje har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til sandfiltergrøft slik det går fram av særskilt skriv datert 06.08.86 til Arne B. Vallestrand. Skrivet vert sendt når endeleg godkjenning ligg føre.  2. Det skal vera tilfredsstillande tilkomst til hygienisk betryggjande og tilstrekkeleg drikkevatt. Anlegg av brunn skal meldast til lensmannen. (§ 65 og brunnlova)  3. Grunnen i ikkje utgravd kjellar må dekkast med plast som skal belastast med sand rundt veggene og i skøytane. Rommet må ventilerast godt. (F 42:1, 42:4)  4. Innstallasjon av oljefyringsanlegg, oljefyrt eldstad og tank for fyringsolje og petroleum skal meldast til brannsjefen. Nedlegging av tank i jord skal meldast på førehand slik at nedlegginga kan kontrollerast. (F 49:33)  5. Farge og takteking må vera slik at det harmonerar godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjemmaende måte. (§ 74) ..../..		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til  Arne B. Vallestrand Helserådsordføraren	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 06.08.86
Sakshandsamar Thorsheim	Arkivnr. Gnr. 96 bnr. 17 Skodvin øvre	SAK NR. B-180/86
Byggherre/meldar Arne B. Vallestrand	Adr. Ø. Hølen 13 B Laksevåg	
Saka gjeld Tilbygg hytte - bruksendring til bustad		
Vedlegg:		
Forts.		
6. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for privat kloakkanlegg (godkjend røyrleggjar). (§ 98)		
7. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjeløyve eller graveløyve. Bygningssjefen får fullmakt til å gje byggjeløyve når vilkåra i vedtaket er stetta.		
Bygningsrådet godkjenner Arne B. Vallestrand som ansvarshavande for grunn- og betongarbeidet og tømmerarbeidet. (§ 98)		
Garasje skal meldast på vanleg måte til bygningsrådet når det vert aktuelt å byggja den. (§ 93)		
Oppføring av forstøtningsmur og av innhegning mot veg skal godkjennast av bygningsrådet etter søknad, jfr. § 93 pkt. e i bygningslova.		
Opparbeidd avkøyrsløse skal vera godkjend av vegstyresmaktene før mellombels bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.		
Ved feing frå tak må det monterast fast stige eller trinn i taktekinga i samsvar med forskriftene til brannlova § 7. Ta kontakt med feiaren eller bygningskontrolløren for nærare utgreiing.		
VEDTAK:		
Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	
	Arne B. Vallestrand Helserådsordførar	